



HELSE VEST IKT AS

ÅRSREKNESKAP 2009



Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01.11.2004. Helse Vest IKT AS er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Helse Vest IKT AS er leverandør av utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest. Helse Vest IKT AS skal bidra til ei betre helseteneste ved innovativ bruk av IKT-løysningar. Helse Vest IKT sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.

Nøkkeltal:

- 220 tilsette
- Omsetning i 2009 på 457 mill. kr.
- Kontor i Førde, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord
- Drift og forvaltning av 900 system med tilhøyrande infrastruktur.
- Leverer IKT-tenester til 25000 brukarar, 14.500 PC-ar på 140 lokasjonar

Jonas Lies vei 65
5021 BERGEN

Org.nr: 987 601 787

Telefon: 55 97 65 00
Telefaks: 55 97 65 50

E-post: postmottak@helse-vest-ikt.no



Innhold

Visjon og Forretningsidé	2
Styringsbodskap og mål	3
Organisasjonskart	4
Årsberetning	5
Resultatrekneskap 2009	8
Balanserekneskap 2009	9
Kontantstrømoppstilling 2009	11
Notar	12
Revisjonsberetning	19



Visjon og forretningsidé

Visjon

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlingen.

Forretningsidé

- **Helse Vest IKT AS skal vere ein leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest RHF.**
- **Helse Vest IKT AS skal vere den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærhet, bransjekunnskap og brei erfaring.**
- **Helse Vest IKT AS skal bidra til å forbetre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT-løysingar innført og forvalta i nær dialog med kundane.**
- **Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelig for kundane ved behov.**

Styringsbodskap og mål


Styringsbodskap


Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området. Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søkjer å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest.

Overordna mål

- Bidra til forenkla pasientbehandling gjennom ei samordning og integrasjon av system og løysningar slik at nødvendig informasjon om pasienten følgjer pasienten gjennom pasientforløp lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Sørgje for einskapleg og effektiv brukarstøtte, service og leveranse til kundane. Kundeoppfølginga skal baserast på internasjonalt aksepterte rutinar og prosessar (ITIL) for IKT tenester.
- Sørgje for stabil drift, forvalte og vidareutvikle IKT-systema og -tenestene til kunden effektivt, slik at kunden vil bruke desse til å forbetre og effektivisere sine tenester til pasienten.
- Sørgje for å redusere ressursbruken ved å standardisere og forbetre desktop (utstyr og tenester) og infrastruktur, ved å samordne og forenkle systemarkitektur og systemportefølje og ved å utveksle og gjenbruke erfaringar og innføringskompetanse.
- Utvikle, marknadsføre og presentere nye løysningar som kan effektivisere prosessar i helseføretaka. Helse Vest IKT skal være proaktive med tanke på å bruke nye teknologiar og løysningar.
- Sørgje for å utnytte summen av tilsette i regionen til å auke breidda i kompetansen, auke individuell spisskompetanse og redusere sårbarheita gjennom overlappende kompetanse.

Organisasjonskart





Årsberetning

Helse Vest IKT AS vart etablert som eige aksjeselskap 01.11.2004. Helse Vest IKT AS er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF. Selskapet er etablert med hovudkontor i Bergen kommune, og avdelingskontor i Stavanger, Haugesund, Førde, Stord, Odda og Voss.

Helse Vest IKT hadde i januar 2009 utbrot av viruset *downadup.B (Conficker)*. Konsekvensane av viruset var periodevis tregleik i IT-system og vanskar med pålogging. *Det vart ikkje rapportert om konsekvensar som førte til fare for liv og helse.* I periodar der IT-systema har gått tregt eller det var vanskelig å logge på, medførte dette at behandlingstida for pasientane i nokre tilfeller vart lenger. Utbrotet av virus i 2009 var krevjande for brukarane i helseføretaka i Helse Vest. Situasjonen vart handtert gjennom ein stor innsats frå tilsette i Helse Vest IKT og ved eit godt samarbeid med helseføretaka. Det vart i heile fyrste halvår arbeid med tiltak for å auke tryggleiken i forhold til virus. Arbeidet med å fjerne viruset for frå heile datanettverket til Helse Vest IKT helt fram i store delar av fyrste halvår 2009.

For Helse Vest IKT var særleg utviklinga for Kundesenteret utfordrande gjennom 2009. Den auka bemanninga for Kundesenteret som vart gjennomført i 2008 har gitt den effekt som det var planlagt for. Effekten er no innhenta av den *auka* trafikken inn til Kundesenteret. Helse Vest IKT arbeider no med nye tiltak som skal sikre at Kundesenteret leverer tenester i samsvar med Tenesteavtalene.

Seksjon Kundetenester har ansvaret for all handtering av brukarhjelp via telefon og epost, administrering av tilgangar til IKT-systema, sal og leveranse av PC-utstyr og service på levert utstyr. Seksjonen har 3 grupper; Kundesenteret, Sal og Service.

Gjennom 2009 fekk Kundesenteret inn 100.850 telefoner, ei auke på meir enn 29 % frå 2008. Av desse vart 83.998 svart på, ei auke på 21,5 % frå 2008. I tillegg blei det handtert 109.699 e-postar, ei auke på meir enn 26 % frå 2008. I 2009 handsama Kundesenteret 19.250 saker om tilgang, som er ei auke på 10 % sidan 2008.

Talet på serviceoppdrag i 2009 var 18491, som er ei auke på nærare 39 % frå 2008. I dette talet ligg m.a. tre store prosjektleveransar til helseføretaka.

Sum sal til alle kundar var i 2009 kr 35.224.554,- som er ei auke på nærare 52 % frå 2008. Talet på selde einingar i 2009 (PC'ar, skjermar, minnepinnar o.a.) auka med nærare 26 %.

Betre styrte innkjøpsrutinar, lagerhald og utleveringsordningar har gjennom 2009 gitt helseføretaka betre prisar og raskare leveransar når det gjeld PC-ar og IKT-utstyr.

Seksjon Driftstenester har ansvaret for drift og forvaltning av all IKT-relatert infrastruktur i Helse Vest. Seksjonen har 3 grupper; Nettverk, Server og lagring og Desktop.

Seksjonen har gjennom 2009 fokusert på utvikling mot meir effektiv drift ved utstrakt bruk av virtualisering. Gjennom dette har det vore mogeleg å redusere veksten i talet fysiske serverar. Det bidrar igjen til lågare forbruk av straum, kjøling, etc. Det har vore gjennomført ei omfattande oppgradering av datahallen plassert i IKT-bygget i Bergen. Kjøling, straumforsyning, standardisering av utstyrshyller har vore dei viktigaste elementa i oppgraderinga.

Seksjon Driftstenester har hatt ein auke i sine leveransar gjennom 2009, dette gjeld både installasjonar og oppgraderingar av den samla infrastrukturen som seksjonen har ansvaret for og ei lang rekkje leveransar til ulike prosjekt som under gjennomføring.


Seksjon Systemforvaltning har ansvar for forvaltning av systemporteføljen for helseføretaka, i dette inngår; Handtering av feil, integrasjonar mellom system, forbedringar, nye versjonar, spesifisering av back-up, endringsstyring, kontakt med leverandør og meir. Seksjonen har 5 grupper; EPJ Kompetanse, EPJ Forvaltning, Røntgensystem, Kliniske system og Støttesystem.

I alt har seksjonen registrert omtrent 750 systema som helseføretaka nyttar. Det har i 2009 vært utført eit omfattande arbeid i forhold til å få oppdatert konfigurasjonsdatabasen. Seksjonen har levert ca 16 000 prosjekttimar i løpet av 2009.

Seksjon Prosjekt/utvikling omfattar ei gruppe med prosjektleiarar og ei med gruppe utviklarar som har ansvar for systemutvikling og systemintegrasjon. Tilsette i seksjonen har leia og delteke i ei rekkje program og prosjekt saman med helseføretaka. Gjennom desse prosjekta er nye system anskaffa, utvikla/oppgradert og innført.

Av programma / prosjekta der seksjonen har delteke, kan nemnast: Innføring av nytt Felles EPJ, derunder integrasjonsutvikling. Meldingsløftet, nasjonalt og regionalt prosjekt for elektronisk meldingsutveksling med primærhelsetenesta og kommunehelsetenesta. Innføring og integrasjonsutvikling for MOT (også for dei private ideelle). Utvikling og innføring av Samlepunktet (brukaradministrasjon). Innføring av nytt laboratoriesystem i Helse Bergen, derunder integrasjonsutvikling. Innføring av nytt mikrobiologsystem i Helse Stavanger. Innføring av ny plattform for Kvalitetsregistre. Innføring av ny publiseringssystem i Helse Vest. Nasjonale prosjekter innanfor arkitektur og felles rekvirentregister.

I EPJ-programmet har det blitt fokusert på å vidareforedle eit metodisk rammeverk for program- / prosjektetablering, -gjennomføring og -avslutning. Dette rammeverket vert gjort



Årsberetning

generisk, slik at det kan nyttast for alle program / prosjekt i Helse Vest.

Rekneskapsresultat

Rekneskapsmessig resultat for 2009 var eit overskot på 4,4 mill. kr. Dei totale inntektene var på 457,3 mill. kr. Av desse var 375,6 mill. kr. sal av tenester til helseføretaka, 29,0 mill. kr. sal av IKT-utstyr, 20,7 mill. kr. sal av tenester til eksterne kundar og 31,9 mill. kr. anna inntekt (i hovudsak knytt til styringsgruppa for Nasjonal IKT).

Totalt driftskostnader var 449,1 mill. kr. med hovudgruppene varekostnad 28,7 mill. kr., personalkostnader NOK 103,8 mill. kr., avskrivningar NOK 73,5 mill. kr. og andre driftskostnader NOK 243,0 mill. kr. (her inngår og kostnader i samband med Nasjonal IKT med same beløp som på inntektssida). Selskapet sitt driftsresultat NOK 8,1 mill. kr. og netto finanskostnader på 3,7 mill. kr., dette gjev eit positivt årsresultat på 4,4 mill. kr.

Ved etableringa av Helse Vest IKT vart det teke utgangspunkt i regnskapet over IKT-kostnader for helseføretaka for 2003 der kostnadene for IKT-området var på 279 mill. kr. I forarbeidet til etableringa av Helse Vest IKT AS vart det estimert samordningsvinstar på 15,9 mill. kr. i 2005, aukande til 48,5 mill. kr. frå 2009. Kostnadsreduksjonen er basert på tilsvarande tenesteomfang og tenestekvalitet som for 2004.

Rekneskapsresultata for Helse Vest IKT viser at det er henta ut samordningsvinster kvart år frå 2005 til og med 2009. Akkumulerte samordningsvinstar etter 2009 er dermed ei årleg innsparing på 51,4 mill. kr. Helse Vest IKT har såleis nådd avtalte mål om samordningsvinstar. Med dette vil etableringa av Helse Vest IKT AS ha gjeve ein akkumulert samordningsvinst for åra 2005 - 2009 på om lag 150 mill. kr. For 2010 er det budsjettert med ein ytterligere effektivisering med 10 mill. kr.

Balanse

Likviditetsbeholdninga per 31.12.2009 var 45,8 mill. kr., av dette utgjorde bundne skattetrekksmidlar 9,6 mill. kr. Totalkapitalen var 514,8 mill. kr. Anleggsmidlar utgjorde 74,6 % av selskapet sine bokførte eigendelar. Balanseført eigenkapital var 155,7 mill. kr og utgjorde dermed 30,2 % av totalkapitalen, noko som er monaleg lågare enn i 2008.

Finansiell stilling

Likviditetsbeholdning var tilfredsstillande per 31.12.2009. Dette skuldast i høg grad seinare forfall på fakturaer knytt til EPJ programmet enn antatt. Likviditet vil vera ei utfordring framover grunna store investeringar i nye system der inntekter kjem på seinare tidspunkt. Eigenkapitalprosent var tilfredsstillande per 31.12.2009. Det er likevel grunn til å peike på at den nemnde likviditetsutfordringa vil gje auke i lånekapital og dermed ytterlegare nedgang i

eigenkapitalprosent (soliditet). Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sin årsrekneskap for 2009.

Om miljø

Sjukefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT AS var i 2009 på 4,7 %, mot 5,6 % i 2008, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær.

Helse Vest IKT AS er ein ny organisasjon samansett av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur er viktige utfordringar for selskapet.

Ytre miljø

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall.

Eigartilhøve

Helse Vest IKT AS er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2009 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1.000.000 fordelt på 2.000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

Likestilling

43% av dei eigarvalde styrerepresentantane er kvinner. 29% av leiinga (inkl. stabsløiarar) var i 2009 kvinner, 50% av seksjonsleiarane var i 2009 kvinner (i perioden februar til oktober hadde ein av seksjonsleiarane morspermisjon, i denne perioden var 25% av seksjonsleiarane kvinner).

21% av dei tilsette i selskapet var kvinner. Gjennomsnittleg årslønn til kvinnene var ca kr 11 800 høgare enn for menn. Dette kan skuldast at vi for tida berre har menn som lærlingar, og at vi har ein del inne som timelønna, som også er menn.


Helse Vest IKT AS tilset den best kvalifiserte søkjaren til stillingar uavhengig av kjønn. Selskapet vurderer det som viktig å ha breidde i arbeidsstyrken og vil føretrække kvinner i stillingar innanfor mannsdominerte seksjonar og menn innanfor kvinnedominerte seksjonar, når andre kvalifikasjonar elles er like.

Diskriminering

Helse Vest IKT skal så langt som råd avspegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetnad, og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn.

Disponering av årsresultatet

Årsresultatet for 2009 var eit overskot på kr 4.413.533. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at overskotet vert ført mot annan eigenkapital.



Årsberetning

Utsikter framover

Helse Vest IKT AS har som mål å være den føretrekte strategisk partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å bidra til forenkling av pasienthandsaminga, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar.

Det grunnleggande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at *Tenesteavtalen* med våre kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med porteføljen frå Prosjektporteføljekontoret.

For 2010 har Helse Vest IKT i tillegg sett fokus på fylgjande områder; Oppretthalde det gode arbeidsmiljøet, for å halde på arbeidstakarar og evne å rekruttere nye. Bättre kundesamhandling ved auka kundefokus i alle ledd i organisasjonen. Gjennomføre tiltak knytt til IKT-sikkerheit. Sørge for ein meir oppdatert konfigurasjonsdatabase gjennom auka fokus på Konfigurasjonsprosessen.


Ferdigstille design og spesifikasjon av "Neste generasjon PC-plattform" i dialog med helseføretaka.

Det er viktig å gje tydelege signal til tilsette og kundar om prioriterte områder. Dette for å sikre eit felles fokus i heile selskapet om retninga for det vidare arbeidet.


2009 var nok eit arbeidskrevjande år for Helse Vest IKT AS. Samstundes gav arbeidet gjennom året viktige resultat til beste for bruken av IKT i helseføretaka. Arbeidet har vore basert på god lagånd, stor vilje til felles innsats og godt samarbeid med helseføretaka.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom eit krevjande år.

Bergen, 28. april 2010



Herlof Nilssen
Styreleiar




Kari Ugland
Styremedlem



Eivind Gjerdal
Styremedlem



Marit Myrland
Styremedlem




Stener Kvinnsland
Styremedlem



Per Karlsen
Styremedlem




Tove Hovland
Styremedlem



Torgny Neuman
Styremedlem



Berit Rane
Styremedlem



Bjarne Thorsen
Styremedlem



Erik M. Hansen
Administrerende direktør

Resultatrekneskap 2009

Alle tal i 1000 NOK

	Note	2009	2008
Annan driftsinntekt	2	457 251	420 693
Sum driftsinntekter		457 251	420 693
Varekostnad		28 722	20 791
Lønn og andre personalkostnader	3	103 808	87 577
Ordinære avskrivningar	6	73 532	74 344
Andre driftskostnader	4	243 036	237 622
Sum driftskostnader		449 098	420 334
Resultat frå drifta		8 153	359
Finansinntekter	5	801	1 506
Finanskostnader	5	4 540	1 926
Netto finansposter		-3 739	-420
Resultat før ekstraordinære poster		4 414	-61
Resultat i perioden		4 414	-61
Overført frå/til annan eigenkapital	11	4 414	-61
Sum overføringar		4 414	-61

Balanserekneskap 2009

Alle tal i 1000 NOK

EIGEDLER	<i>Note</i>	2009	2008
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Programvarelisensar	6	128 403	141 668
Prosjekt under utvikling	6	162 571	61 839
Sum immaterielle egedelar		290 974	203 507
Varige driftsmidler			
IKT-utstyr, inv. transp.m. o.l	6	79 318	58 814
Anlegg under utføring	6	13 191	12 728
Varige driftsmidler		92 508	71 542
Finansielle anleggsmidler		484	339
Andre finansielle anleggsmidler	9	484	339
Sum anleggsmidler		383 965	275 389
Omlaupsmidler			
Varer	7	3 504	2 425
Krav	8,15	81 485	76 235
Bankinnskott, kontantar og liknande	10	45 824	14 532
Sum omlaupsmidler		130 813	93 192
SUM EIGEDLAR		514 778	368 581


Balanserekneskap 2009


Alle tal i 1000 NOK


EIGENKAPITAL OG GJELD

	Note	2009	2008
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Føretakskapital	11	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	11	150 319	150 319
Sum innskoten eigenkapital		151 319	151 319
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	11	4 354	-1 400
Sum opptent eigenkapital		4 354	-1 400
Sum eigenkapital		155 672	149 919
Gjeld			
Avsetjingar for forpliktingar			
Pensjonsforplikting	12	22 978	19 903
Sum avsetjingar for forpliktingar		22 978	19 903
Annan langsiktig gjeld			
Langs. gjeld til føretak i samme konsern	15	234 446	109 255
Sum langsiktig gjeld		234 446	109 255
Skuldige offentlege avgiftar		7 223	6 617
Anna kortsiktig gjeld	14, 15	94 459	82 887
Sum kortsiktig gjeld		101 682	89 504
Sum gjeld		359 106	218 662
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		514 778	368 581

Bergen, 28. april 2010


Herlof Nilssen
Styreleiar



Marit Myrland
Styremedlem


Tove Hovland
Styremedlem


Bjarne Thorsen
Styremedlem


Kari Ugland
Styremedlem



Stener Kvinnsland
Styremedlem


Torgny Neuman
Styremedlem


Eivind Gjerdal
Styremedlem


Per Karlsen
Styremedlem


Berit Rane
Styremedlem


Erik M. Hansen
Administrerende
direktør

Kontantstraumoppstilling 2009

Alle tal i 1000 NOK

	2009	2008
Kontantstraumer frå operasjonelle aktivitetar:		
Årsresultat	4 414	-61
Ordinære avskrivningar	73 532	74 344
Skilnad kostn.pensj-inn/utbetalinger	3 075	3 576
Tap/vinst ved sal av anleggsmidlar	-	-174
Endring i omlaufsmidlar og kortsiktig gjeld	5 849	-40 887
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	86 869	36 799
Kontantstraum frå investeringsaktiviteter:		
Innbetaling ved sal av varige driftsmidlar	-	-
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-180 624	-135 769
Inn-/utbetalinger ved sal/kjøp av fin.anl.m	-144	-111
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-180 768	-135 880
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar:		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	127 500	70 000
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-2 309	-2 309
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	125 191	67 691
Netto endring i likviditet	31 292	-31 390
Likvide midlar 01.01	14 532	45 922
Likvide midlar 31.12	45 824	14 532

Notar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Etablering av føretaket

Helse Vest IKT AS vart stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tid vart anleggsmiddel og forplikningar overført til selskapet som tingsinnskot.

Verdsetjing

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkelig verdi for anleggsmidla.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

Resultatet var i 2007 korrigert med verknaden av innskjerpa økonomiske føresetnader på pensjon som først fekk konsekvens for rekneskapen i 2006 og 2007. For 2008 var deler av den auka pensjonskostnaden kompensert. Resultatet for 2008 var korrigert for auka pensjonskostnad utover det som er kompensert frå staten.

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2009 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapen for året består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og note-opplysingar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillings-prinsippet, varsemndprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om fortsett drift. Ved utarbeidinga av rekneskapen må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verde av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedrørande forplikningar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimat.

Konsolidering

Helse Vest IKT går inn i konsernregnskapen til Helse Vest RHF og eig ikkje eigne aksjar.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, samt poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar blir vurdert til lågaste av kostnad ved kjøp og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Anleggsmidlar blir vurdert til kostnad ved kjøp, men blir nedskrive til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengeposter i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner pr 31.12 i rekneskapsåret.

Prinsipp for inntektsføring

Sal av tenester til helseføretaka og til eksterne kundar, sal av IKT-utstyr

Sal av varer vert inntektsført ved levering. Tenester vert inntektsført når dei er utførte.

Ekstraordinære poster

Inntekter og kostnader blir klassifisert som ekstraordinære om dei er uvanlege, uregelbunde og vesentlege, vurdert i høve til konsernet/føretaket si verksemd.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gje framtidige inntekter/bruksverdi for helseføretaket er aktivert.

Kjøpte immaterielle eigedelar, som til dømes lisensar for programvare blir aktivert og avskrive over økonomiske levetid.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir ført i balansen til historisk anskaffingskost fråtrekt akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ein økonomisk levetid på over tre år, samt ein kostpris på over kr 15 000.

Påkostingar eller forbetringar blir lagt til driftsmiddelets kostpris og avskrive i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar kostnadsføres etter kvart som de kjem på. Renter som knyt seg til anlegg under oppføring blir aktivert som ein del av kostprisen.

Ved sal av anleggsmidlar blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader

Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er berekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarende prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle eigedelar. Avskrivningane er klassifisert som driftskostnader.

Notar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Nedskriving

Nedskrivingar av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar blir vurdert når det ligg føre indikasjonar på verdifall for eigedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skrive ned til verdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivinga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Eigenkapitalinnskott i KLP

For eigenkapitalinnskottet i KLP blir kostprinsippet nytta. Det vil seie at det normalt berre er inn- og utbetalingar som påverka størrelsen på innskottet.

Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av anskaffingskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Det blir føreteke nedskriving for pårekneleg ukurans i samsvar med god rekneskapskikk.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til pårekna tap. Avsetjing til tap kjem fram etter ein konkret vurdering av enkeltfordringar og av fordringsmassen som heile.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer og verdien kan estimerast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Skatt

Helse Vest IKT AS er friteke for skatt av di ein leverer varer og tenester til kostpris utan forteneste.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tar utgangspunkt i føretakets årsresultat for å kunne presentera kontantstraumar tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidligare års rekneskap blir ført direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Pensjoner

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir berekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjoner og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmiddel samt aktuarmessige føresetnadar om dødelegheit, frivillig avgang, osb. Pensjonsmiddel er vurdert til verkeleg verdi og trekt frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen. Endringar i forpliktinga som har skuld i endringar i pensjonsplanar blir resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som har skuld i endringar i og avvik frå føresetnadene for berekningane (estimatendringar) blir delt over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved årets byrjing overstig 10 % av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad fråtrekt estimert avkastning på pensjonsmidlar) blir klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med lønn og andre ytingar.

Pensjonsberekningane er inkludert arbeidsgjevaravgift.

Arbeidstakarane sin del av pensjonspremien er fråtrekt i lønnskostnadene.

Pensjonskostnadene for 2009 er bygd på føresetnadene som blei lagt til grunn for netto midlar/forpliktingar 2008 etter rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for vurderingar gjort i samråd mellom helseregionane og som er vurdert å vere rimelege føresetnadar pr 01.01.09. Det er teke omsyn til endringar i rettleiinga gitt ved årsskiftet 2009/2010 i samband med berekning av pensjonsforplikting 31.12.09. Pensjonsordninga tilfredsstillar krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

Notar

Note 2 Salsinntekter

	2009	2008
Tenestosal helseføretaka	375 613	338 423
IKT-utstyr	28 963	20 565
Tenestosal eksterne	20 723	24 373
Anna *)	31 952	37 332
Sum	457 251	420 693

*) I posten Anna inngår hovudsakleg inntekter frå Nasjonal IKT. Tilsvarende kostnader til Nasjonal IKT er teke med under Andre driftskostnader i Note 4.

Note 3 Løn og andre personalkostnader

	2009	2008
Lønnskostnader Helse Vest IKT AS		
Lønnskostnader	83 853	72 587
Arbeidsgjevaravgift	12 372	9 104
Pensjonskostnader	13 732	12 289
Andre ytingar (herunder aktiverte eigne timar)	-6 149	-6 403
Sum lønn og personalkostnader	103 808	87 577

Lønn dagleg leiar, godtgjersle og honorar

Lønn dagleg leiar	998	917
Pensjonskostnader dagleg leiar	230	270
Anna godtgjersle daglig leiar	48	32
Sum lønn dagleg leiar	1 276	1 219

Styregodtgjersle og honorar styreleiar

Styregodtgjersle	75	75
Herav honorar til styreleiar	0	0

Revisjonshonorar (inkl. mva)

Revisjon etter lova	263	175
Utvida revisjon	0	0
Andre oppgåver vedkommande attestasjonar	0	0
Rådgjeving vedkommande skattar og avg.	0	14
Andre tenester utanfor revisjon *)	12	11
Sum honorarer til revisor	275	200

*) Konsultasjonar vedk. rekneskapsprinsipp med mer, tilsaman kr 12 094,-

Antall tilsette og årsverk

Gjennomsnittleg antall tilsette i rekneskapsåret	202	176
Tal på årsverk pr 31.12	220	186

Dagleg leiar har 6 månaders oppseingstid. Det er ikkje gitt lån eller stilt tryggleik til dagleg leiar, styre-medlem eller andre leiande tilsette. Dagleg leiar har ikkje avtale om bonus eller etterlønn.

Notar

Note 4 Andre driftskostnader

	2009	2008
Transportkostnader	227	194
Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	9 475	5 493
Leige MTU, maskiner, inventar og liknande	2 491	211
Reparasjon, vedlikehald og service	7 825	7 596
Ekstern teneste	57 915	76 168
Reisekostnader	3 413	2 916
Andre driftskostnader	161 691	145 044
Sum andre driftskostnader	243 036	237 622

Note 5 Finansposter

	2009	2008
Andre renteinntekter	657	1 422
Andre finansinntekter	143	84
Sum finansinntekter	801	1 506
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	4 290	1 759
Andre rentekostnader	212	91
Andre finanskostnader	37	75
Sum finanskostnader	4 540	1 926

Note 6 Immaterielle egedelar og varige driftsmidlar

	Anlegg under utføring	Prosjekt under utvikling	Transportmiddel, inventar og utstyr	IKT - utstyr	Programvare	Sum
Anskaffingskost 01.01.2009	12 728	61 839	44	202 678	366 780	644 069
Tilgang 2009 ¹⁾	462	100 731	0	73 046	7 725	181 964
Avgang 2009	0	0	0	0	0	0
Anskaffingskost 31.12.2009	13 191	162 570	44	275 723	374 504	826 033
Akkumulerte avskrivinger 1.1	0	0	22	162 594	206 404	369 019
Endring Akk. Avskrivinger pga. Avgang 1)	0	0	0	0	0	0
Årets avskrivningar ²⁾	0	0	11	33 823	39 698	73 532
Akkum. avskrivningar 31.12.2009	0	0	33	196 417	246 101	442 551
Balanseført verdi 01.01.2009	12 728	61 839	22	58 792	141 668	275 050
Balanseført verdi 31.12.2009	13 191	162 570	11	79 307	128 403	383 482

Avskrivingsplan	Linær	Linær	Linær
Økonomisk levetid	10 år	3-5 år	5 år

1) Korrigerer for feilført tilgang programvare -1 837 413

2) Avsetning for Avskrivinger foretatt i Hovedbok 366 314

Notar

Note 7 Varelager

	2009	2008
Varer for videresalg		
Ferdigvarer	3 504	2 425
Sum varelager	3 504	2 425

Note 8 Andre kortsiktige krav

	2009	2008
Krav til selskap i samme føretaksgruppe	33 297	55 732
Krav til andre kunder	24 544	10 476
Sum kundekrav	57 841	66 209
Forskottsbetaling til leverandører	23 279	9 844
Andre kortsiktige krav	365	182
Sum andre kortsiktige krav	23 644	10 026
Sum kortsiktige krav	81 485	76 235

Note 9 Andre finansielle egedelar

	2009	2008
Eignkapitalinnskott i KLP	483	339
Sum andre finansielle egedelar	483	339

Note 10 Kontantar og bankinnskott

	2009	2008
Skattetrekksmidler	9 568	3 870
Sum bundne bankinnskott	9 568	3 870

Note 11 Eigenkapital

	Føretaks- kapital	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2008	1 000	150 319	-1 400	149 919
Korr. Av feil i tidl års regnskap			1 340	1 340
Eigenkapital 01.01.2009	1 000	150 319	-60	151 259
Resultat dette året			4 414	4 414
Eigenkapital 31.12.2009	1 000	150 319	4 354	155 672

Føretakskapitalen på kr 1 000 000 er fordelt på 2 000 aksjer, kvar lydande på kr 500. Helse Vest IKT AS er 100% eigd av Helse Vest RHF. Korreksjon av feil i tidlige års rekneskap gjeld eit aktiverbart anlegg som både vart kostnadsført og aktivert i 2006.

Note 12 Pensjonsforpliktning

	2009	2008
Oppsamla pensjonsforpliktning	79 987	66 268
Pensjonsmidlar	55 124	42 788
Netto pensjonsforpliktning	24 863	23 480
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforpliktelsar	3 448	3 257
Ikkje resultatført virkning av estimatavvik	-5 334	-6 834
Netto bokførte pensjonsforpliktingar inkl. AGA	22 978	19 903
Spesifikasjon av pensjonskostnaden	2009	2008
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	10 236	9 247
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	4 039	3 550
Brutto pensjonskostnad	14 275	12 797
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	2 721	2 333
Administrasjonskostnader	499	317
Arbeidsgjevaravgift	1 672	1 495
Netto pensjonskostnad inkl. AGA	13 725	12 276
Økonomiske føresetnader:	2009	2008
Årleg fortjeneste	5,70 %	5,80 %
Diskonteringsrente	5,50 %	5,30 %
Uttak AFP etter erfaring	20-60 %	20-60 %
Årleg vekst i lønn	4,25 %	4,00 %
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	4,00 %	3,75 %
Talet på personar med i ordninga	201	173

Pensjonskostnaden for 2009 er bygd på føresetnadene som vart lagd til grunn for netto pensjonsmidlar/-forpliktning 2008 og som er vurdert å vere rimelege føresetnader per 1.1.2009. Rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse vedkommande pensjonskostnad 2009 er lagd til grunn for beste estimat vedkommande netto pensjonsmidlar/-forpliktingar per 31.12.2009. Estimataavvik utover 10% av det største beløpet av forpliktingar eller midlar blir resultatført over 15 år. Pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentleg tenestepensjon.

Notar

Note 13 Andre forplikninger

	2 009	2 008
Investeringsstilskott	2 500	0
Sum avsetjing for forplikningar	2 500	0

Note 14 Annan kortsiktig gjeld

	2009	2008
Leverandørgjeld	46 017	28 836
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	13 260	34 986
Lønn	0	0
Feriepengar	9 694	7 796
Oppsamla kostnad og inntekt betalt på førehand	21 230	4 809
Ikkje opptent inntekt	0	0
Avsetjing for forplikningar	4 257	6 460
Anna kortsiktig gjeld	0	0
Sum kortsiktig gjeld	94 459	82 887

Note 15 Mellomvære med føretak i samme konsern

Føretak	Netto kortsiktige fordringar	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	-9 478	-234 446
Apoteka Vest HF	89	0
Helse Bergen HF	21 688	0
Helse Stavanger HF	2 629	0
Helse Førde HF	3 135	0
Helse Fonna HF	1 973	0
Sum	20 036	-234 446

Avsatt plass til revisjonsmelding